



Søknad om fritaking for militær- teneste av overtydingsgrunnar – overføring til sivil verneplikt

Dersom du er i teneste, skal du sende søknaden til den militære avdelinga der du gjer teneste. Er du heimevernspliktig, sender du søknaden til ditt HV-distrikt. Søknaden sendast elles til Vernepliktsverket. Adressa til Vernepliktsverket står på baksida av denne blanketten.

Personopplysningar

| | | | |
|--|------------------------------------|---------------------------|-----------------|
| Søkjarens fullstendige namn: | | Personnummer (11 siffer): | |
| | | | |
| Adresse (folkereg.): | Postnummer: | Poststad: | |
| | | | |
| Evt. mellombels adresse: | Postnummer: | Poststad: | |
| | | | |
| Eg er kalla inn til militærteneste med frammøtedato: | Eg er inne til teneste som starta: | | Telefon privat: |
| | | | |
| Tidlegare utført militærteneste: | | E-postadresse | |
| | | | |

Vilkår for å bli fritaken for militærteneste

I § 1 i lov av 19. mars 1965 nr. 3 om fritaking for militærtjeneste av overbevisningsgrunner (militærnektarlova) heiter det:

«Er det grunn til å gå ut fra at en vernepliktig ikke kan gjøre militærtjeneste av noen art uten å komme i konflikt med sin alvorlige overbevisning, herunder at han derved tvinges til å bryte verdier som for han er av fundamental betydning og som er knyttet til bruk av masseødeleggelsesvåpen slik de kan påregnes brukt i dagens forsvar, fritas han for slik tjeneste i samsvar med reglene i denne lov.»

Lova krev at du har ei grunnleggjande pasifistisk haldning. Du må vere imot å delta i bruk av våpen/vald mot andre menneskjer. Du må også ta avstand frå andre sin bruk av vald og våpen som metode for løysing av konflikhtar. Med unntak av naudverjesituasjonar blir det kravd at denne haldninga er absolutt og gjeld i alle situasjonar. Dette inneber at du også må ta avstand frå at Noreg har eit væpna forsvar.

Du kan også bli fritaken for militærteneste dersom du på bakgrunn av eksistensen av masseødeleggingsvåpen og faren for at desse vil bli tekne i bruk i ein konfliktsituasjon, finn at det er i strid med grunnleggjande verdiar å ta del i det militære forsvaret.

Erklæring

Eg erklærer at eg fyller vilkåra for fritak for militærteneste. Eg ber om fritak for militærteneste og overføring til sivil verneplikt. Eg har lese rettleiinga på baksida av denne blanketten.

Eg er klar over at denne søknaden ikkje medfører utsetjing med militærteneste som eg allereie er kalla inn til, jf. militærnektarlova § 9. Dersom søknaden ikkje er innvilga før frammøtedato, er eg såleis pliktig til å møte til teneste i samsvar med innkallinga, og tenesta held fram inntil søknaden er innvilga. Eg vil deretter som hovudregel bli ført over direkte frå militærteneste til avtening av sivil fyrstegongsteneste. Eg kan ikkje bli heldt tilbake i militær stilling utover 4 veker.

Eg er klar over at eg ikkje kan søkje om å bli ført tilbake til militær stilling før eg har fullført sivil fyrstegongsteneste (normalt 12 månaders teneste), jf. militærnektarlova § 24.

Eg er klar over at falsk forklaring vil kunne straffast etter straffelova § 166.

| | |
|---------------|--------------|
| Stad og dato: | Underskrift: |
| | |

RETTE TIL Å NEKTE MILITÆRTENESTE

Etter Grunnlova og vernepliktslova har alle norske menn mellom 19 og 44 år verneplikt. Den militære verneplikta kan i sin ytterste konsekvens føre til at den enkelte må ofre livet eller sjølv ta liv for å verne landet mot ytre fiendar.

Vernepliktige som kjem i konflikt med si alvorlege overtyding kan fritakast for militærtene- ste i samsvar med lov av 19. mars 1965 nr. 3 om fritaking for militærtjeneste av overbevisningsgrunner (militærnektar- lova). Dei som blir fritakne for militær- teneste må i staden avtene sivil verneplikt.

LOVA

Vilkåra for fritak går fram av §1 i militær- nektarlova, jf føregåande side.

Overtydinga må vere fast og alvorleg og gje grunnlag for ein samvettsskonflikt. Ei alvor- leg overtyding kan vere etisk, religiøs eller politisk fundert. Det blir kravd at du har ei grunnleggjande pasifistisk innstilling.

Fritak etter denne lova kan ikkje gjevast av andre grunnar, som td. medisinske – eller velferdsgrunnar.

SØKNADEN/SAKSGANG

Søknad om fritak kan tidlegast leggast fram ved sesjon. Etter sesjon kan du søkje når som helst, også etter at du har starta militær- tenesta. Når du ber om det, vil det på sesjon eller ved den militære avdelinga bli gjeven opplysningar om moglegheita til å søkje og om framgangsmåten.

Dersom du søker under avtening av fyrste- gongstenesta, er det vanleg at sjefen for den militære avdelinga tar ei samtale med deg. Meininga med samtala er å sikre at saka er fullstendig med omsyn til faktiske opplys- ningar og gi den militære avdelinga grunn- lag for si påteikning i saka. Du skal også informerast om konsekvensane av søknaden (tilbakehald i militær stilling, direkte overfø- ring til sivil verneplikt, ikkje rett til å søkje om tilbakeføring til militær stilling før fyrstegongstenesta som sivil vernepliktig er avslutta mm).

Du skal nytte ein standard søknadsblankett utarbeida av Justisdepartementet til dette føremålet, jf. føregåande side. Dersom du meiner at du fyller vilkåra for fritak, skal du i søknaden skrive under ei erklæring om dette. Dersom du ønskjer det, kan du gje ytterle- gare opplysningar på eige ark. Desse opplys- ningane leggast i så fall ved den under- skrivne søknadsblanketten

Dersom du søker under teneste i militæret, skal du sende søknaden til den militære avdelinga som du gjer teneste ved. Søknaden skal elles sendast til Verneplikts- verket. Vernepliktsverket har berre myndig- het til å innvilge søknaden. Dersom søkna- den ikkje blir innvilga, blir den ekspedert til Siviltene- sta for avgjerd. Du kan påleggast å

gje ytterlegare opplysningar i saka. Ordinært vil slike opplysningar bli innhenta skriftleg, men du kan påleggast å gje munnleg forkla- ring for vedtaksorgana.

Dersom Siviltene- sta gjer deg avslag på søk- nad om fritak for militærtene- ste, kan du klage over vedtaket til Justisdepartementet innan 3 veker. Klaga skal sendast til Siviltene- sta.

SØKNADENS VERKNADER FOR MILITÆRTENESTA

Er du allereie innkalla eller har møtt til militærtene- ste, vil innkallinga stå ved lag, og du skal halde fram med tenesta inntil søknaden er innvilga. **Ein søknad om fritak medfører såleis ingen utsetjing med den militærtene- sta (fyrstegongsteneste eller repetisjonsøving) som du allereie er kalla inn til.** Dersom du ikkje møter til teneste er det eit brot på militær straffelov som vil kunne føre til fengselsstraff. Du kan ikkje bli halden tilbake i militær stilling utover 4 veker, og du skal i venteperioden delta i tenesta utan vâpen.

Dersom søknaden blir innvilga, blir du som hovudregel overført direkte (utan opphald) frå militærtene- ste til siviltene- ste.

Søker du kort tid føre frammøtedato, vil dette td. kunne føre til at ei repetisjonsøving må gjennomførast fullt ut, dersom søknaden ikkje er behandla ferdig før øvinga er over.

Søknaden bør derfor fremmast i god tid før tenestestart.

Dersom du søker før du er kalla inn til teneste, får du utsetjing inntil søknaden er behandla ferdig i forvaltninga.

SIVIL VERNEPLIKT

Dersom du blir fritaken for militærtene- ste blir du kalla inn til teneste av Siviltene- sta. Slik innkalling vil kunne skje straks over- føring til sivil verneplikt er bestemt. Den sivile verneplikta er organisert sjølvstendig og utan samband med Forsvaret.

Tenesta varer like lenge som fyrstegongs- tenesta i Hæren, for tida 12 månader. For mannskap som blir overført frå Heime- vernet (HV) er tenesta av same lengd som den ordinære HV-tenesta dei har igjen. Sivil fyrstegongsteneste avtenes samla, som ein eingongsteneste.

Som sivil vernepliktig kan du påleggast arbeid innafor fleire områder, ma. helse- og sosialsektoren, natur- og miljøsektoren, valds- og konfliktførebyggjande teneste og fredsarbeid. Tenesteplasseringa blir fastsett av Siviltene- sta, og det inneber at du kan bli plassert til teneste over heile landet.

Som sivil vernepliktig vil du så langt som mogleg få dei same vilkåra som vernepliktig mannskap i Forsvaret (økonomiske vilkår, velferdstilbod mm).

Dei sivile vernepliktige har ei eiga tillits- mannsordning.

Som sivil vernepliktig kan du seinare på- leggast sivil repetisjonsøving. Du vil også kunne stillast til disposisjon for Sivil- forsaret.

Du kan ikkje søkje om å bli ført tilbake til Forsvaret før du har fullført fyrstegongs- tenesta som sivil vernepliktig.

INFORMASJON

Aktuelle adresser som kan gje informasjon om fritak for militærtene- ste og om avtening av den sivile verneplikta:

■ **Justis- og politidepartementet**
Besøksadr.: Akersgt. 42
H-blokk (Regjeringskvartalet)
Postadr: 8005 Dep. 0030 OSLO
Tlf 22 24 53 21
postmottak@jd.dep.no
www.regjeringen.no/jd

■ **Siviltene- sta Dillingøy**
1591 SPERREBOTN
Tlf 69 28 94 00
post@siviltjenesten.no
www.siviltjenesten.no

■ **Velferdskontoret for sivile vernepliktige Oslo**
Besøksadr: Torggt. 22, 3. etg, Oslo
Postadr: Postboks 8831
Youngstorget, 0028 OSLO
Tlf 23 25 62 00
www.sivilarbeider.no

■ **Vernepliktsverket**
Postmottak
2617 LILLEHAMMER
Tlf 03003
vpv.kontakt@mil.no
www.vpv.mil.no